

TILSTANDSRAPPORT

BARNEHAGE



2023/24

Innhold

Bakgrunn	4
Barnehagar i Kvam	4
Pedagogisk grunnsyn og syn på born.....	4
Nasjonale føringar.....	5
Internkontroll.....	6
Kommuneplan for Kvam – Samfunnsdel og Oppvektsplan	6
Barnehage sine prioriteringar i økonomiplanperioden	7
Beskyttande faktor - Trygge vaksne.....	7
Kompetanse	7
Samarbeid med andre tenester	7
Spesialpedagog i barnehagen	7
BTI (Betre tverrfagleg innsats)	8
Foreldremøteplan	8
KLP-prosjektet «Bli i jobben».....	9
Beskyttande faktor - Mangfald vert sett på som ein ressurs.....	10
Rammeplan for barnehagen	10
Beskyttande faktor - Høg kvalitet på opplæringa	10
Regional ordning for kompetanseheving (Rekom)	11
Styrking av leiarrolla.....	11
Felles planar og systemarbeid	12
Vidareutdanning 2023	13
Instruktørar	14
Barnehagemynde.....	14
Tilsyn	14
Rettleiing til barnehageeigar og styrargruppa	15
Vedtak	15
Oppfølging av politiske vedtak.....	15
Investering til uteområde skule/barnehage	15
Opptak.....	16
Oppgradering av Bjørketeigen barnehage.....	16
Auka grunnbemanning.....	16
Måltid	17
Lærlingar i oppvekst.....	17
Særlege utfordringar i barnehagesektoren	17
Lærlingar	18

Kvalifiserte søkjarar.....	19
Rekruttering av kvalifisert personale	19
Vikarar	19
Emosjonelle belastningar i kvardagen	20
Auka arbeidsmengd i byggeprosessar	20
Brøyting og strøing i barnehagane.....	20
Kostratal 2023	21
Kommunebarometer	21
Oversikt over barnehagane i Kvam herad.....	22
Norheimsund barnehage	22
Bjørketeigen barnehage.....	24
Tørvikbygd barnehage	27
Ålvik barnehage	30
Sjydnahaugen barnehage	32
Strandebarm barnehage	35
Sandven FUS barnehage as.....	37
Oppsummering	38

Bakgrunn

Tilstandsrapport i barnehage er ikkje lovpålagt, men Rådmannen vurderer at det er viktig at politikarane får ein årleg rapport om tilstanden i barnehagesektoren. På den måten kan politikarane sjå heilskapen for born i heradet i alderen 0-16 år. Rapporten er ikkje uttømande, men gjev eit innblikk i dei kommunale barnehagane, kostratal og kommunebarometer 2023, og informasjon frå barnehageeigar og styrargruppa.

Barnehagar i Kvam

Det er seks kommunale og ein privat barnehage i kommunen. Alle barnehagane har eigen styrar. Den private barnehagen, Sandven Fus, får kommunalt driftstilskot. Det er godt samarbeid med den private barnehagen, og dagleg leiar i Sandven Fus får tilbod om deltaking på styrarmøte og kurs/arrangement som vert arrangert i regi av kommunen.

Dei kommunale barnehagane arbeider mot å skapa ein felles identitet i Kvammabarnehagane og har mottoet "slik gjer me det i Kvam". Barnehagane har bl.a. felles visjon, hovudmål, barnesyn, satsingsområde og årsplan. Ein jobbar for at alle born i Kvam skal få like godt barnehagetilbod, same kva barnehage dei går i. Barnehageeigar er oppteken av kvalitet og kompetente tilsette. Visjonen, hovudmålet og satsingsområde til barnehagane heng saman med mål og beskyttande faktorar i Oppvekstplanen.

Visjon: Me skaper gode barndomsminne og livsglede.

Hovudmål: Alle born skal vera i eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø der dei opplever meistring.

Satsingsområde: Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og «Sjå barnet innanfrå».

Barnehagane har gode bygg og leikeplassar, alle vart godkjende etter forskrift for miljøretta helsevern (MHVB) våren 2018. Barnehagane rapporterer årleg i Basil. Per 1. desember 2023 (kjelde Basil) var det totalt 347 born i dei kommunale barnehagane og 83 born i Sandven Fus.

Leiar for barnehage er barnehageeigar og har ansvar for leiing av dei kommunale barnehagane og at barnehagane vert drivne i samsvar med gjeldande lover og forskrifter. Barnehagemyndede er lagt under oppvekstsjef. Det er tilsett to personar i 30% stilling kvar som barnehagefagleg rådgjevar med ansvar for mynde oppgåver. Barnehagemyndede har ansvar for godkjenning, rettleiing, sakshandsaming, ivaretaking og rapportering av alle statlege føringar både for kommunale og private barnehagar.

Pedagogisk grunnsyn og syn på born

Barnehagane våre skal inkludera alle born med fokus på livsglede, leik og læring for alle jf. Rammeplan for barnehage. Personale i barnehagane våre skal aktivt leggja til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og personalet og mellom borna, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Målet vårt er at barnehagane har eit bevisst og reflektert personale som ser borna innanfrå. Barnesynet vårt er at "barn er ikkje vanskeleg, men kan ha det vanskeleg." Me jobbar kontinuerleg med korleis me møter borna, uansett

kva kulturell bakgrunn, språk, utfordringar, evner, interesser og bagasje dei evt. har. Det skal vera plass til mangfald i barnehagane våre.

Nasjonale føringar

Samfunnsmandatet til barnehagar er å tilby born under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til borna sitt beste. Barnehagen skal vera både ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for føresette. I nært samarbeid med føresette skal barnehagen gje born gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter.

Barnehage vert regulert av barnehageloven og Rammeplan for barnehagen. Alle som jobbar i barnehagen, skal saman jobba for god kvalitet. Rammeplanen er eit styringsverktøy og skal påverka barnehagen sin årsplan og det daglege arbeidet.

- Det er lovfesta rett til plass for alle born i Noreg over 1 år. Born som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Born som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett på plass innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år, jmf, barnehagelova §16
- Pedagognorm frå 01.08.18. Barnehagen skal ha minst éin pedagogisk leiar per 7 born under 3 år, og ein pedagogisk leiar per 14 born over 3 år. Eit ekstra born utløyser krav om ny heiltidsstilling som pedagogisk leiar. Born tel som 3 år frå og med august det året dei fyller 3 år
- Bemanningsnorm frå 01.08.19. Norma stiller eit minimumskrav til grunnbemanning i ein ordinær barnehage: minst ein tilsett per 3 born når borna er under 3 år, og ein tilsett per 6 born når borna er over 3 år
- Sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Det er ulik kvalitet mellom kommunar, mellom barnehagar i kommunar og mellom avdelingar i barnehagar. Denne “strekken” ser me i Kvam også. Staten har utvikla ein ny strategi for regional kompetanseutvikling Rekom, for å sikra meir lik kvalitet i alle barnehagar. Barnehagane i Kvam deltek på dette
- Barnehage som trygg og god læringsarena. Staten gjev føringar som må oppfyllest for at kommunen skal tilfredsstilla krava som gjeld for barnehagar i Noreg
- Alle born skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap. Å gå i barnehage skal gje det einskilde born det bornet treng for å kjenna seg inkludert i eit fellesskap
- 01.01.21 vart det innført endringar i barnehagelova. Endringane skal sikra at alle born har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen skal ikkje godta krenkingar som f.eks. utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripa inn dersom eit born i barnehagen vert utsett for slike hendingar. I samband med lovendringar er det laga ein felles plan med mål om nulltoleranse mot mobbing. Planen med tilhøyrande skjema er tatt i bruk i alle barnehagar

Regjeringa har i sin nye barnehagestrategi «Barnehagen for en ny tid» mål om, innan 2023, å sikra alle born eit likeverdig tilbod i heile landet. For å bidra til at alle som jobbar i barnehagen har god kompetanse for å gje borna eit godt tilbod vil regjeringa jobba for:

- 60 prosent barnehagelærarar i barnehagen, og at fleire av desse har mastergrad

- Minst 25 prosent skal vera fagarbeidarar
- Alle tilsette skal få moglegheit til å delta i etter- og vidareutdanning
- Låg barnehagepris
- Sikra at pengane som vert brukt på barnehage går til borna
- Skaffa meir kunnskap om bemanningssituasjonen og barnehagane sitt arbeid med trygt og godt barnehagemiljø

Internkontroll

Jmf. kommuneloven §25 skal kommunar og fylkeskommunar skal ha internkontroll med administrasjonen sin verksemd for å sikra at lover og forskrifter vert følgt. Rådmannen i kommunen og fylkeskommunen er ansvarleg for internkontrollen. Internkontrollen skal vera systematisk og tilpassast verksemda sin størrelse, eigenart, aktivitetar og risikoforhold. Jmf. barnehageloven §9 skal barnehagemynde og barnehageeigar ha internkontroll for å sikra at regelverket vert følgt. For å ivareta rettstryggleiken til barnehageeigar og sikra legitimiteten av arbeidet, er kommunen si eigarrolle i barnehagesektoren skilt frå mynderolla.

Kvam herad har fylgjande system for oppfølging:

- Kvalitetssystemet Compilo. Systemet inneheld avvikshandtering og dokumentbibliotek (rutinar, planar, skjema og liknande)
- Moava internkontroll barnehage er eit internkontrollsystem som leiinga skal bruka for å imøtekoma krava i barnehagelova
- Basil rapportering. Styrarane legg inn måltal frå sin barnehage. Desse vert nytta i kostra
- Faste styrarmøte og fagmøte. Informasjonsutveksling, fagdrøftingar, vurdering/refleksjonar, systemarbeid, felles rutinar, erfaringsdeling og faglege oppdateringar
- Tilstandsrapport. Barnehageeigar utarbeider tilstandsrapport for barnehagane i Kvam herad til heradsstyret kvar vår. Styrarane deltek i prosessen
- Eigenvurdering frå barnehagen i samband med vurdering av regelverksetterleving
- Mynde har i barnehagelova tre verkemiddel som kan bidra til at barnehageeigar etterlever lova: godkjenning, rettleiing og tilsyn

Kommuneplan for Kvam – Samfunnsdel og Oppvekstplan

Kommuneplanen sin samfunnsdel er ein styrande plan for all verksemd i kommunen, og det viktigaste dokumentet for kommunen si utvikling og styring fram mot 2030. Planen viser korleis kommunen kan realisera moglegheiter for å skapa ei positiv utvikling i kommunen.

Det skjer mykje utviklingsarbeid innan oppvekstområdet, og kommunedelplanen for oppvekst er ein overordna plan som skal visa den samla innsatsen og gje retning for satsinga vidare. Barnehagane er med i arbeidet knytt til oppvekstreforma, og oppvekstplanen vil i åra framover gje god retning på arbeidet vidare. Oppvekstplanen byggjer på eit heilskapleg blikk på kva som skapar gode oppvekstvilkår og legg til grunn at ein trygg og god oppvekst vert skapt i fellesskap på tvers av sektorar. Barnehage har prioritert å retta merksemd mot nokre beskyttande faktorar frå Oppvekstplanen på bakgrunn av arbeidet som har vorte lagt ned

dei siste åra med Betre tverrfagleg innsats (BTI), fokus på tidleg innsats og at barnehagesektoren er i endring.

Barnehage sine prioriteringar i økonomiplanperioden

I økonomiplanperioden har me valt å prioritera dei beskyttande faktorane trygge vaksne, høg kvalitet på opplæringa og mangfald vert sett på som ein ressurs. Dei to beskyttande faktorane trygge vaksne og høg kvalitet på opplæringa går ein del over i kvarandre.

Beskyttande faktor - Trygge vaksne

Kompetanse

Dei vaksne som arbeider i barnehagen er uunnverlege og ein viktig beskyttande faktor i barnehageborn sitt liv og for gjennomføring av ein barnehagekvardag. Gjennom kompetanseheving sikrar me at personale har nødvendig kompetanse og legg til rette for at borna skal møta trygge vaksne. Me ser at det er viktig å inkludera vikarane i opplæring og møter på kveldstid for å gjera dei godt rusta i møte med born og sikra lik forståing. Vikarkoordinatorane jobbar med å utarbeida kompetansepakkar, minikurs og opplæringsdag for nye vikarar. Alle tilsette får tilbod om å delta på vidareutdanning, i tillegg gjev me kompetanseheving lokalt i regi av kurs på personalmøte og planleggingsdagar.

Me er i startgropa av å laga eit tilbod til flyktningar i språkpraksis. I tett samarbeid med NAV flyktning og vikarkoordinatorane skal me tilby minikurs og oppfølging på vegen mot å bli ein potensiell barnehagetilsett og trygg i norskspråket.

Samarbeid med andre tenester

Barnehagane nyttar seg av det gode fagmiljøet som er i tenestene rundt oss. Tenestene stiller opp og gjev kompetanseheving og rettleiing ved behov. I 2023 gav PPT opplæring i Sjå barnet innanfrå med utgangspunkt i Circle of security (COS) til tilsette i Norheimsund, Ålvik og Sandven Fus. Dei andre barnehagane fekk opplæring i 2021 og 2022. COS er ein modell som er bygd opp for å analysera, samt tolka borns åtferd, følelsar og behov. Opplæringa har gått over seks kveldar (totalt 14 timar pr. barnehage). Familiesenteret arrangerer foreldrekurs med utgangspunkt i COS og såleis får foreldre og tilsette lik teoretisk bakgrunn for å forstå borna innanfrå, utvikla relasjonar og eit felles språk for å forstå og tolka situasjonar.

PPT har faste lågterskelrundar to gongar i året med alle barnehagane. Der har barnehagane høve til å ta opp saker dei er bekymra for, og ein kan saman sjå om hjelpa kan gjevast på grønt, gult eller raudt nivå. PPT jobbar tett med spesialpedagogane i barnehagen og gjev rettleiing ved behov. Målet er at hjelp skal gjevast i det ordinære tilbodet, der nedslagsfeltet er størst, slik at flest mogleg kan få nytte av hjelpa. Hjelpa skal i større grad flyttast frå individnivå til systemnivå.

Spesialpedagog i barnehagen

Spesialpedagogane i barnehagane sikrar ei heilskapstenking rundt barn når det gjeld allmennpedagogikk og spesialpedagogikk. Spesialpedagogane er med på å løfta fram BTI arbeidet og styrka det allmennpedagogiske tilbodet i barnehagen ved å rettleia og bidra

med kompetanseutveksling til medarbeidarane sine. Tilbakemeldingar frå PPT er at dei får færre tilmeldingar frå barnehage etter at støttesystemet i barnehage vart innført.

I 2023 har spesialpedagogane fått opplæring i Nya Sit og Rolltalk designer for print. Dette er ei programvare for å laga symbolbasert materiale for utskrift på papir. Programmet gjer det enkelt å laga materiale for dei som har behov for alternativ- og supplerande kommunikasjon (ASK), eller anna type tilrettelegging med bruk av symbol.

Fire gongar i året har spesialpedagogane nettverk der dei får opplæring og deler erfaringar.

BTI (Betre tverrfagleg innsats)

I Kvam herad har me sidan 2020 arbeidd etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha felles språk og felles handlingsretteiær for korleis me handterer tidleg oppdaging av grunn til uro og for god og systematisk oppfølging. Me meiner det har vorte større forståing mellom tenestene om kven som gjer kva, både på systemnivå og når det gjeld oppfølging av det einskilde barnet.

Barnehageeigar, styrarar og spesialpedagogar i barnehagane har eit særleg ansvar for å implementera BTI-modellen og for at BTI-retteiaren vert nytta i det daglege arbeidet. BTI er fast tema på møter i barnehagen, og mellom anna vert BTI-retteiaren brukt i drøftingar mellom barnehagane og PPT i lågterskelrundar i barnehagane. Årleg deltar leiær for barnehage på pedagogisk leiarmøte i alle barnehagar for å følgje opp BTI arbeidet og arbeid med kapittel 8 i barnehageloven.

Barnehagane har gjennomført case-øvingar knytt til det som i BTI-modellen heiter nivå 0, som handlar om tidleg oppdaging, ved å bruka materiella Trygg til handling og Snakke med barn frå RVTS. Som del av dette har det vore gjeve opplæring knytt til meldeplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt ved uro for at eit born kan vera utsett for vald eller overgrep. I tillegg har det vore gjeve opplæring i kva som kan vera god oppfølging etter ei slik krenking, mellom anna korleis møtereferatsystemet stafettloggen kan bidra til systematisk oppfølging.

Foreldremøteplan

Frå og med barnehage- og skuleåret 2022/2023 innførte Kvam ein fast plan for kva foredrag som vil verta gjennomførte i foreldremøta på dei ulike trinna i barnehagane og skulane, der det kjem fram kva som skal vera tema og kva tenester som har ansvar for å halda foredraget. Det er fleire grunnar til at Kvam herad ynskjer ein gjennomgåande plan for barnehage- og grunnskuleløpet:

- Det er meir føreseieleg for både barnehagane/skulane, tenestene og foreldra at ein veit kva tema som er planlagt på dei ulike åra
- Det vert eit likeverdig tilbod til alle foreldra, uavhengig av kva bygd ein bur i eller kva årskull bornet høyrer til
- Foreldremøta er del av ei heilskapleg satsing på foreldrestøtte frå tenestene i Kvam herad

- Ein strukturert plan er med på å utvikla eit tverrfagleg fellesskap og ein tverrfagleg kompetanse mellom dei ulike kommunale tenestene, inkludert barnehage og skule
- Ein strukturert plan er med på å skapa møtepunkt og dialog mellom foreldregruppene og dei kommunale tenestene, slik at foreldre får tilgang på oppdatert fagkunnskap og tenestene får oppdatert informasjon som kva som er aktuelle problemstillingar i barnegruppene og foreldregruppene

I 2023 var det barneverntenesta i Kvam som var ansvarleg for tema på barnehagane sitt foreldremøte. Gjennom temaet frå uro til handling gav dei føresette kunnskap om kva dei kan sjå etter for å vita om bornet deira har det bra og korleis ein kan få hjelp til å avdekka om det er grunn til uro og oppfølging. Føresette vart introdusert for BTI-nettsida og BTI-rettleiaren.

KLP-prosjektet «Bli i jobben»

Barnehagetenesta har sidan 2022 deltatt i KLP sitt arbeidsmiljønettverk der det har vore jobba med arbeidsmiljø. Den ynskta gevinsten var å redusera sjukefråværet og få folk til å bli i jobben sin. Det har t.d. blitt gjennomført spørjeundersøking av tilsette, opplæring og kartlegging av sjukefråværet i barnehagane. Prosjektgruppa ser at det er viktig for tenesta å sikra rekruttering, stabilitet, godt arbeidsmiljø og gode arbeidsforhold for personale. Tilbakemeldingar frå tilsette i barnehage er t.d. at stor arbeidsbelastning og lite bemanning er årsaker til sjukefråvær og overgang til andre yrker. Dette ynskjer me å setje på dagsorden og gjera noko med.

Prosjektgruppa har hatt fokus på å styrka partsamarbeidet i barnehagane for at verneombod og tillitsvalte skal vera ei leiarstøtte for styrar i barnehagen. Dei skal jobba saman og ha eit felles ansvar for å sikra eit godt arbeidsmiljø. NAV arbeidslivssenter har bidrege med kompetanseheving i rolleforståing og viktigheita med samarbeid. Alle barnehagane har no leiar-tillitsvalt-verneombod (LTV) møte ein gong i månaden. LTV gruppene har i samarbeid med prosjektgruppa utvikla verktøy til bl.a. sjukefråværsoppfølging, oversikt over moglege tilretteleggingstiltak på arbeidsplassen og årshjul til LTV møter.

Etter kartlegginga av sjukefråværet, som NAV arbeidslivssenter gjennomførte, vart alle barnehagane med i Helselarbeid. Det er eit samarbeid mellom NAV, helseføretak og partane i barnehagane, der målet er å få fleire til å fungera i arbeid sjølv med helseplager. Tiltaket består av samlingar for alle tilsette der målsetjinga er å heva helsekompetansen. Det er fokus på korleis førebyggja og handtera vanlege helseplager både på verksemds- og individnivå. Den partssamansette gruppa vel, på bakgrunn av det som kjem fram i samlingane, forbettringsområde, prioriterer og set i verk tiltak med mål om å utvikla arbeidsmiljøet. I 2023 vart Modul 1 med tema arbeid og psykisk helse gjennomført.

Prosjektgruppa har gjennomført fellessamlingar for alle tilsette med fokus på kva me kan påverka og gjera noko med, bevisstgjerings på den enkelte sine ladestasjonar og 24 timars mennesket.

Beskyttande faktor - Mangfold vert sett på som ein ressurs

Alle er velkomne til barnehagane i Kvam. Me jobbar for å inkludera alle og sikra at borna i Kvam føler seg sett og anerkjent for den dei er. Rammeplan for barnehagen er barnehagesektoren sitt styringsdokument for planlegging, gjennomføring og vurdering av innhaldet i barnehagen. Arbeidet i våre barnehagar mtp. mangfold samsvarer med det som står i rammeplanen.

Rammeplan for barnehagen

«Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synliggjøre, verdsette og fremme mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes mange måter å tenke, handle og leve på. Samtidig skal barnehagen gi felles erfaringer og synliggjøre verdien av fellesskap. Barnehagen skal vise hvordan alle kan lære av hverandre og fremme barnas nysgjerrighet og undring over likheter og forskjeller. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler seg sett og anerkjent for den de er, og synliggjøre den enkeltes plass og verdi i fellesskapet.»

Barnehagen skal bruke mangfold som en ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrke og følge opp barna ut fra deres egne kulturelle og individuelle forutsetninger. Barnehagen skal synliggjøre variasjoner i verdier, religion og livssyn. Det skal være plass for en åndelig dimensjon i barnehagen som må brukes som utgangspunkt for dialog og respekt for mangfold.

Barnehagen skal legge til rette for kulturmøter, gi rom for barnas egen kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og mestring i sosiale og kulturelle fellesskap. Barnehagen skal by på varierte impulser, opplevelser og erfaringer og omfatte lokale, nasjonale og internasjonale perspektiver. Barnehagen skal synliggjøre samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapsfølelse for det samiske mangfoldet. Barnehagen skal synliggjøre et mangfold i familieformer og sørge for at alle barn får sin familie speilet i barnehagen.» (Rammeplan for barnehagen, 2017)

For å sikra god start for born og familiar med anna språk har me laga ein plan for korleis barnehagane skal arbeida med fleirspråklege born i barnehagen. Ved å ha eit felles system sikrar me like god praksis i alle barnehagane. Spesialpedagogane har eit særleg ansvar for språkutvikling og lågterskeltiltak for dei fleirspråklege borna i barnehagen og skal gje rettleiing til borna sine avdelingar. I tillegg gjev PPT opplæring og kompetanseheving til tilsette.

Barnehagane skal nytta tolk i møte med føresette og om mogleg gje informasjon på familien sitt morsmål. Barnehagane har som mål og gje morsmålassistent dei fyrste tre månadane, etter ein trappetrinnsmodell, for å sikra forståing, tryggleik og ein god start i barnehagen.

Beskyttande faktor - Høg kvalitet på opplæringa

Ein barnehage for framtida må sjå framover og må vidareutviklast i takt med samfunnet. Sidan barnehageforliket i 2003 har t.d. tal barn i barnehagen auka, barnehagane har blitt større, barnehagedagane lengre, barnegruppene yngre, meir mangfold og meir samarbeid med andre tenester. Slik utvikling krev kompetanseheving og endring av praksis, det er

tidkrevjande arbeid og tek lang tid å implementera. Barnehagen som fyrste steg i utdanningsløpet og forventningane til kva born skal oppleve, lære og erfara i barnehagen har fått auka fokus og dermed òg forventningar om å synleggjera barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar gjennom planar og dokumentasjon.

Forsking viser at barnehagar med høg kvalitet verkar positivt på born si utvikling og at den positive effekten varar heile livet. Regjeringa sitt mål for framtidas barnehage er å sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar, styrka barnehagen som læringsarena og sikra at alle born får delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Regional ordning for kompetanseheving (Rekom)

Som eit ledd for å sikra høg kvalitet deltek barnehagane våre i Regional ordning for kompetanseheving i barnehage (Rekom). Barnehagane i Kvam rullerer på deltaking og i 2023 var det Tørvikbygd barnehage som deltok. Vurderingstemaet deira var: «Tørvikbygd barnehage jobbar heilskapleg og systematisk for å skapa eit trygt og inkluderande barnehagemiljø.»

Høgskulen på Vestland er ein samarbeidspart i utviklingsarbeidet og kjem slik tett på praksisfeltet og profesjonen. Samarbeidet er med på å utvikla utdanninga og det bidreg til meir praksisrelevant barnehagelærerutdanning og auka kompetanse for alle involverte partar.

Ståstadanalyse og ekstern vurdering er starten på utviklingsarbeidet. Alle som deltek i Rekom får fire dagar med ekstern vurdering i eigen barnehage før barnehagen jobbar vidare med valt tema.

Frå Kvam er det to barnehagestyrarar og ein spesialpedagog som er eksterne vurderarar i Hardanger/Voss regionen. Dei får såleis god kompetanse i utviklingsarbeid og innsikt i kva utviklingsområde som er viktig å jobba med i eigen barnehage.

Styrking av leiarrolla

I ein sektor i rask endring er styrar si rolle knytt til kvalitet i barnehagen viktigare enn nokon gong og leiing i framtidas barnehage har behov for ei anna leiing enn før. Styrar har fått auka oppgåver dei seinare åra, men ikkje meir ressursar til å handtera alle oppgåvene som er knytt til leiarfunksjonen sin. Arbeidsmengda aukar og mykje tid går til oppfølging av personale, sjukemeldte og organisering av vikarar. Det medfører mindre tid til utviklingsarbeid og fokus på kvalitet.

I 2022-2023 har styrarane gjennomført fire samlingar med ekstern rettleiar for å styrka leiarrolla. Styrarane har kartlagt eigen praksis, sett på nye arbeidsmåtar og endring av praksis. Me har laga framtidsbilde for kva me vil jobba vidare med. Som eit ledd i dette arbeidet skal dei pedagogiske leiarane involverast. Me skal kartlegga kva dei treng for å auka leiarkompetansen sin, vera trygge leiarar og styrka leiarteamet i barnehagane. Samfunnet sine krav til barnehage endrar seg og det er høge mål til sektoren. Barnehagen har gått frå å vera ein omsorgsarena til å vera ei pedagogisk verksemd. Me må vera nytenkande og

tilpassa arbeidet vårt etter nye krav og arbeidsoppgåver. Dette er ein omstillingsprosess og tek tid.

Felles planar og systemarbeid

Barnehageeigar jobbar saman med styrargruppa for å samla kva som kan vera likt for å gje borna i Kvam eit likeverdig tilbod. Som tilsett er det behov for å ha like system og rutinar same kva barnehage du jobbar i. Barnehagane skal ta vare på det unike ved barnehagen, men det som er av rutinar, system og kompetanse som kan vera likt, bør vera likt.

For å sikra lik kvalitet og gode tenester i alle barnehagane våre prioriterer me arbeid med systemutvikling og felles tankar om «slik gjer me det i Kvam». Dette arbeidet tar tid og det er viktig for å sikra at arbeidet fortset og når fram til alle. Det er utfordrande å finna tid til å driva med utviklingsarbeid. I barnehage er det avgrensa med møtetidspunkt der personale kan møtast utan at det er born i barnehagen. Heile personalgruppa har ikkje anledning til å møtast felles på dagtid, så alle personalmøte er på kveldstid. I tillegg er det fleire tilsette som arbeider deltid og som ikkje deltek på alle personalmøta.

Me brukar møter, planleggingsdagar og personalmøte til å gje felles opplæring og gjennomgå nye system og rutinar. Døme på felles kompetanse, system og rutinar me for tida jobbar med er:

- Felles kompetanseplan 2021-2025
- Felles satsingsområde: Trygt og godt barnehagemiljø, BTI og Sjå barnet innanfrå
- Felles årsplan
- HMS årshjul
- Kompetansepakkar trygt og godt barnehagemiljø – Udir
- Kvam herad sine kompetansepakkar
- Overgangar mellom barnehage og skule
- System for oppfølging av §42 og 43 saker. Felles plan for å sikra trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane med tilhøyrande skjema.
- Bruk av Websak; sakshandsaming- og arkivsystemet i Kvam herad
- Rettleiing nyutdanna barnehagelærarar. Alle nyutdanna barnehagelærarar får oppfylging i 2 år av rettleiar, både individuelt og i grupper. Det er laga ein plan for rettleiing av nyutdanna i barnehage og skule i Kvam.
- Leikbasert læring er eit forskingsbasert førskuleopplegg som er utvikla for å gje born best mogleg utgangspunkt før skulestart. Barnehageeigar har jobba fram lik plan for alle kommunale barnehagar for å sikre at alle born i Kvam får ta del i dette opplegget (www.leikbasert.no)
- Vasstilvenning året før skulestart. Målet er at alle born i Kvam skal, i løpet av barnehagetida, verta trygge i vatn og få betre symjeferdigheiter. Kvam herad får tilskot frå statsforvaltaren og brukar bassenga i Ålvik, Strandebarm og Hardangerbadet
- Leiaropplæring i regi av Kvam herad
- Styrka leiarteamet i barnehagane
- Gje leiarstøtte ved å styrka partssamarbeidet
- Mykid – kommunikasjonsverktøy mellom barnehage og heim

- Trafikksikre barnehagar – Barnehagane i Kvam er trafikksikre barnehagar og rapporterer på at dei oppfyller krava for å vera ein trafikksikker barnehage. Arbeidet skal vera forankra i barnehagen sin årsplan og det pedagogiske arbeidet gjennom året
- Kompetanseheving til barnehagepersonale av samarbeidspartar i KFL - PPT, barneverntenesta, helsestasjon, ergo- fysioterapitenesta og familiesenteret
- Rutinar for støttesystem, spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging i barnehage
- Spesialpedagogar i alle barnehagar. Det gjev kompetanseuke til alle i personale, auka kvalitet på det allmennpedagogiske tilbodet og spesialpedagogar der borna er
- Rekom – Alle barnehagane deltar i eit rulleringssystem
- Betre Tverrfagleg Innsats (BTI) for born og unge i Kvam herad
- Førebygging, gjennomføring og etterarbeid av 10 – faktor. Gjennomføring anna kvart år, neste i 2025
- Førebygging, gjennomføring og etterarbeid ved bruk av Udir si foreldreundersøking. Gjennomføring anna kvart år, neste i 2024
- Deltaking i KLP prosjektet «Bli i jobben»
- Alle tilsette har fått opplæring frå PPT i «Sjå barnet innanfrå» med utgangspunkt i tryggleikssirkelen og Circle of security (COS). Det skal gje tilsette verktøy til å betre forstå kva behov born har, kva signal dei gjev og kva vaksne kan gjera for å møte desse behova. Målet er at borna skal få hjelp til å kjenna seg trygg og på den måten stå sterkare rusta til å møte utfordringar i livet

Felles fagleg innhald på planleggingsdagar og personalmøte 2023

Planleggingsdag	Mobbeombodet gav opplæring i kap. 8 "Trygt og godt barnehagemiljø."	02.01.23
Planleggingsdag	Den tredelte hjernen og stressmeistring med Inger Randi Dahl	02.01.23
Felles personalmøte for alle tilsette	Arbeidsmiljø • HMS arbeid i barnehagen • Ergonomisk hjelpemiddel i barnehagen • Samarbeid med NAV arbeidslivssenter. Deling frå barnehagane for å få ein betre arbeidskvardag	07.03.23 3 timar i regi av KLP prosjektgruppa
Planleggingsdag	Udir kompetansepakke innan "Trygt og godt barnehagemiljø." Modul 3 – Tiltak for å fremje, førebygge og handtera	17.03.23
Planleggingsdag	Udir kompetansepakke innan "Trygt og godt barnehagemiljø" Modul 4 – Skriftleg plan	11.09.23
Kveldssamling	Helselarbeid Modul 1 – Arbeid og psykisk helse	November 2023
Trygg til handling	Opplæringsprogram om vald og overgrep for alle som jobbar med barn og unge	Planleggingsdag i november
Snakke med barn	Snakkemedbarn.no hjelper tilsette til å ta viktige samtalar med barn ein er bekymra for	Planleggingsdag i november

Vidareutdanning 2023

Barnehagelærarar kan søkje på vidareutdanning gjennom Udir. Vidareutdanningsordninga

for barnehagelærarar er eit tiltak i kompetansestrategien for framtidens barnehage. Udir støttar kr. 50.000 pr. barnehagelærer, pr. halvår. Alle som har søkt, dei siste åra, har fått delta.

Studieår	Studie	Antal
2022-2023	Fysisk-motorisk utvikling og aktivitet	1
2022-2023	Spesialpedagogikk	1
2022-2023	Veiledarutdanning	1
2022-2023	Styrarutdanning	1

Ein barnehagelærer byrja hausten 2023 på Veiledarutdanning i regi av Udir. Ei god veiledningsordning kan bidra til at nyutdanna barnehagelærarar raskare vert trygg i rolla si og vert værande i barnehagen. I Kvam herad får alle nyutdanna barnehagelærarar toårig rettleiing. Det er tilsett to rettleiarar som har ansvar for denne ordninga, ein rettleiar for nyutdanna lærarar i skule (20%) og ein for barnehage (10%).

Instruktørar

Hausten 2023 starta AOF fagskulen opp utdanningstilbodet Veiledning av lærlingar i Kvam. Det er ei fagskuleutdanning som gjev instruktørar kompetanse til å vera ein god instruktør for lærlingar. Fullført utdanning gjev 30 studiepoeng. Det er totalt sju instruktørar i barnehage og skule som deltek.

Ein instruktør gjev i regi av Handalag opplæringskontor skrivetrening til lærlingar og praksiskandidatar som skal ta fagprøven. Dette gjev særleg praksiskandidatar betre rusta til den skriftlege delen av fagprøven.

Barnehagemynde

Tilsyn

Med bakgrunn i eigenvurdering frå barnehagane, og ROS-analyse gjennomførte barnehagemynde tilsyn i alle barnehagen, barnehageåret 2022/2023, i kapittel 8 i barnehageloven (psykososialt barnehagemiljø). Det var stadleg tilsyn med intervju i alle barnehagane. Barnehagemynde fann avvik i fem av sju barnehagar. Mynde fann ulik kjennskap til regelverket i Lov om barnehagar §42 og 43, og det var noko usikkerheit knytt til saksgang. Rutinar for dokumentasjon ved bruk av skjema for varsling, undersøking og handlingsplan vart ikkje nytta i praksis gjennom alle ledd.

Barnehagane har arbeidd med tema i etterkant av tilsynet, slik at alle tilsette har delteke aktivt i utvikling av forståing av lovverket. Det har og vore jobba for at alle i personalet skal vera trygge i bruk av rutinar for å ivareta aktivitetsplikt og skjerpa aktivitetsplikt i barnehagen. Ved utgangen av 2023 var alle avvik lukka.

Barnehagemynde innhenta ny eigenvurdering innan lovkrava i barnehagelova, frå kommunale og privat barnehage i november 2023. Utifrå risikovurdering basert på innkomne eigenvurderingar frå alle barnehagane, fann ikkje barnehagemynde grunnlag for

vidare tilsyn. Dei områda der regelverksetterlevinga ikkje var fullstendig, vart det gjeve rettleiing på styrarmøte og avvika vart rette opp.

Rettleiing til barnehageeigar og styrargruppa

Barnehagemyndene har faste møter med barnehageeigar og deltek på styrarmøter for å gje rettleiing. Barnehagemyndene hadde fem samarbeidsmøte med barnehageeigar i 2023 og deltok på to møte med styrarane. Tema i desse møta har vore var:

- Arkivering
- Ny lov: Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger
- Rapportering til Statsforvaltaren om fleispråklege born i barnehagane og bruk av tildelte midlar (myndene har rapportert)
- Bemanningssituasjonen i barnehagane i Kvam
- Kapittel 8 i Lov om barnehagar - Psykososialt barnehagemiljø. Kva betyr lova i praksis?
- Lov om barnehagar - §3 barns medverknad, §9 i lov om barnehagar, internkontroll
- Orientering om barnehagemyndene sine oppgåver

Vedtak

Barnehagemyndene har motteke søknad/melding om behov for spesialpedagogisk hjelp i barnehage og/eller behov for kommunal tilrettelegging i barnehage gjennom heile 2023. I 2023 vart det tildelt til saman 31 t/veke til barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Våren 2023 var det 10,4 stillingar som var knytt til tilrettelegging, mot 6,77 stillingar hausthalvåret 2023. Retten til tilrettelegging skal sikra barn med nedsett funksjonsevne likeverdig utviklings- og aktivitetsmoglegheter i barnehagen.

Oppfølging av politiske vedtak

Investering til uteområde skule/barnehage

Skule og barnehage fekk, i HST 073/23, tildelt kr. 2 millionar som FAU og SU kunne søkja på. Midlane vart fordelt mellom skule og barnehage med kr. 1 million til kvar. Tildelinga vart fordelt slik på barnehage:

Barnehage	Fått midlar til innkjøp av	Tildelt sum
Ålvik barnehage	Bidrag til vippedyr, klatrestativ, leikebil, damplokomotiv, benkbord	125.000
Sjydnahaugen barnehage	Bidrag til sølekjøkken, leikeapparat-turnstang, hinderbane	175.000
Bjørketeigen barnehage	Bidrag til utomhusplan. Laga ein heilskapleg plan for utearealet	400.000
Tørvikbygd barnehage	Bidrag til overbygg, grillring til sandkasse med veggar og benkar, vippedisse,	125.000

	aktivitetstårn, piratskip, utebenkar	
Strandebarm barnehage	Bidrag til klatreleikeapparat, leikehus, klatrenett	175.000
Norheimsund barnehage	Søkte ikkje	0

SU og styrar skal, i løpet av 2024, organisera arbeid med bestilling, grunnarbeid og montering av utstyr. Midlane som går utover tildelte midlar må barnehagen betala frå eige budsjett.

Opptak

Frå og med hausten 2023 fekk barnehagane tildelt rammer til bemanning, slik at bemanninga er stor nok til at barnehagane kan gje tilbod om plass gjennom året til born barnehagen har ledig plass til. Det vart gjort unntak for ei avdeling i Tørvikbygd barnehage, som rådmannen fekk fullmakt til å vurdere særskilt ved behov. Barnehagevedtektene vart justert i tråd med dette. Eventuelle endringar i økonomiske rammer, vert innarbeidd i driftsrammene i samband med tertial og budsjett. Dette reduserer tilsetjingar gjennom året, og barnehagane har hatt litt å gå på når dei ikkje får tak i vikarar.

Oppgradering av Bjørketeigen barnehage

Bjørketeigen barnehage er under oppgradering, jfm sak 032/21. Barnehagen er blitt utvida med 1 avdeling ved å flytta administrasjonsdelen til nyoppussa lokale i Firkløverbygget. Trafokiosken er fjerna, garderober er oppgradert, det er sett inn nye vindauge i heile bygget, nytt tak på Firkløverbygget, ny veg er laga på nedsida av Firkløverbygget og det er laga eit overbygg som bind barnehage og personalavdeling saman. Det skal lagast ein utomhusplan for å sikra ein heilskapleg plan for uteområdet i barnehagen. Barnehagen har fått tildelt kr. 400.000 til dette. Det er pr. i dag ingen leiker på området mellom barnehagen og den nye personalavdelinga, i tillegg er det behov for ein del utskifting på dei andre leikeplassane. Det er ikkje midlar til leikeområde med i budsjettet til oppgraderinga av barnehagen, og det er difor behov for auka budsjett til leikeapparat for å finansiera dette.

Det er planlagt å gjera endringar på aldersinndelinga i barnehagen ved å flytta dei store barna opp i andre etasje og dei yngste borna ned. Målet er at dette skal vera klart til august 2024. Ei slik endring vil gjera evakuering, levering/ henting og tilkomst til leikeplass enklare for føresette, personale og borna. Det skal brukast eit rom i Firkløverbygget til oppbevaring av vogner. Vogner skal stå under det nye overbygget i sovetida. Endringa påverkar ikkje barnetalet det er plass til i barnehagen.

Auka grunnbemanning

I budsjettvedtak for 2022 og 2023 vart barnehage tilført kr. 4,5 millionar til styrking av grunnbemanning og til auka administrasjonsressurs.

Kr. 900.000,- vart brukt til å tilsetja to stk. i 1,2 årsverk som vikarkoordinator/ administrasjonsmedarbeidar. Desse vart tilsett frå mai 2023. Dei har avlasta styrarar og pedagogisk leiarar i arbeidet med å rekruttera og dagleg skaffa vikarar til avdelingar. Dei har utarbeida eit godt system for kommunikasjon med barnehagane og vikarane, og fordeling av

vikarar etter førespurnad. Når vikarar søker på open søknad gjennomfører vikarkoordinatorane intervju og går gjennom utarbeida vikarhefte med forventningar til vikarar og kva som er viktig når dei skal jobba i barnehage. Vikarkoordinatorane er i gang med å laga undervisningsopplegg og kompetansepakkar til nye vikarar for å gjera dei best mogleg rusta til raskt å gjera ein god jobb og bli ein trygg vaksen i barnehagen. Vikarkoordinatorane avlastar òg nokre styrarar med enkelte administrative oppgåver. Det er utarbeida eit årshjul på kva arbeidsoppgåver vikarkoordinatoren skal avlasta styrar med.

Resterande midlar vart fordelt, ut frå størrelse på barnehagen, som auka grunnbemanning:

Barnehage	Årsverk
Norheimsund	1,6
Ålvik	0,5
Sjydnahaugen	1,3
Bjørketeigen	1,6
Tørvikbygd	0,25
Strandebarm	0,9

Det har vore utfordrande å få tilsett personale i alle stillingane og auka grunnbemanning har for det meste vorte brukt som vikar for å få bemanninga til å gå opp ved fråvær. Barnehagane har såleis ikkje fått brukt auka grunnbemanning som ei styrking i barnehagen.

Måltid

Alle barnehagane i Kvam har måltid som pedagogisk aktivitet. Utgangspunktet er Helsedirektoratet sine retningslinjer og oppskriftheft «Bra mat i barnehagen». Borna deltek aktivt i prosessen, med fokus på læring og erfaringar. Dei får brukt alle sansar, smaka, lukta, kjenna, sjå, namngje matvarer og kva dei lagar, dette gjev meistringskjensle.

Lærlingar i oppvekst

Barnehage og skule har fått auka tal lærlingar for å sikra rekruttering av fagarbeidarar i oppvekstsektoren.

Særlege utfordringar i barnehagesektoren

Bemanning

På tross av «Bli i jobben» sitt arbeid med arbeidsmiljø har verken sjukefråværet til barnehagane blitt redusert eller ynskje om færre som går over i andre jobbar endra seg. Tilsette melder om belastningar knytt til stort fråvær og ved å gå med redusert bemanning over tid. Tilsette står i eit krysspress av å handtera eigne og andre sine emosjonar i relasjonen, og det kan vera utmattande å stadig regulera følelsar på jobb. Det gjev emosjonell overbelastning over tid. Dette er ei omfattande utfordring, både lokalt og nasjonalt, som me ikkje kan løyse åleine.

Arbeid med arbeidsmiljø tar tid og må arbeidast med kontinuerleg. «Bli i jobben» prosjektgruppa har satt tema på dagsorden, laga system og verktøy slik at det vert enklare for framtida, men me er ikkje i mål. Prosjektgruppa ynskjer å halda fram etter prosjektslutt for å sikra implementering og fortsetja det viktige arbeidet med å behalda barnehagetilsette og redusera sjukefråværet.

Born har behov for å møte trygge og stabile vaksne som kjenner og forstår den einskilde. Grunna stort fråvær er det mange born som møter ukjende vikarar utan erfaring frå arbeid i barnehage. Det er for få tilgjengelege vikarar i Kvam. I følgje NAV Kvam er det pr. april 2024 1,1% som er heilt arbeidsledige og 2,4% delvis arbeidsledige. Dette er lågare tal enn Vestland, men midt i laget for Hardanger/Voss. Fleire vikarar kan kun jobba enkelte dagar sidan dei er studentar eller har anna arbeid. Vikarane ynskjer ikkje å bli brukt i fleire barnehagar og avgrensar seg til kun å jobba i ein eller to barnehagar. Sidan det er få tilgjengelege vikarar vert det faste personale flytta rundt i barnehagen til avdelingar med størst behov for vikar. Sjølv om personale er fast tilsett i barnehagen kjenner dei ikkje nødvendigvis alle born og rutinar på andre avdelingar. Sidan det er behov for at vikarane byrjar raskt så er det lite tid til opplæring i rutinar og korleis dei skal møte og forstå born før dei startar opp. Me opplever at born vert meir urolege og utrygge når det faste personale ikkje er på jobb.

Ved mykje vikarbruk og mangel på tilsette får ikkje personale gjennomført planlagde aktivitetar, førebudd møter, foreldresamtalar, skriva rapportar, osv. Det viktigaste er å sikra nok bemanning på huset og få vaktene til å gå opp gjennom heile dagen. Tilsette har sendt inn fleire avvik knytt til dette. Tilsette set born framfor seg sjølv. Styrarane brukar meir tid på oppfølging av personale grunna belastningar og rettleiing i dag enn før. Dette er ei av årsakene til at styrarar har mindre tid til administrative oppgåver og utviklingsarbeid. Dei må ivareta personale som har behov for at leiaren ser dei og føl dei opp. Me ser at når styrarar brukar mykje tid på å vera vikar går personale bl.a. glipp av oppfølging, ein god leiar, fagleg utvikling og nokon som sikrar bruk av felles planar og verktøy.

«Bli i jobben» prosjektgruppa har gjennomført spørjeundersøking blant barnehagetilsette i Kvam og fleire svarar at dei opplever det utfordrande når dei dagleg må stokka om på personale og omorganisera, endra planar og ikkje får gjennomført planlagde aktivitetar. Tilbakemeldingane frå tilsette vert bekrefte i SINTEF sin rapport Relasjonelle og emosjonelle krav og belastningar i arbeidet som vart utgitt 30.11.23. Rapporten oppsummerer resultat frå eit forskingsprosjekt SINTEF har utført på oppdrag frå Unio om emosjonelle og relasjonelle krav og belastningar i yrker kor ein jobbar for og med menneske.

«Ingen andre yrkesgrupper forteller at de så ofte går hjem fra jobb med en opplevelse av at relasjonen med andre mennesker «hovedsakelig har vært vanskelig og utfordrende», henholdsvis 41 prosent (grunnskole) og 40 prosent (barnehage). Syv av ti forteller at jobben setter dem i «følelsesmessige krevende situasjoner». 45 prosent av grunnskolelærerne, og hele 59 prosent av barnehagelærerne, sier at de hele tiden eller en stor del av tiden har følt seg utslitt i jobben. Hver tredje lærer har videre vært utsatt for fysisk vold det siste året, mens 74 prosent av barnehagelærere oppgir at det i stor eller svært stor grad er belastende konstant å være til stede følelsesmessig» (henta frå SINTEF rapporten).

Lærlingar

Det er utfordrande å få instruktør til lærlingar i alle barnehagane. Det er ikkje eit system for lønnskompensasjon eller avsett arbeidstid for instruktørane. Barnehagar kan ikkje ta imot lærlingar dersom dei ikkje har instruktør. Nokre styrarar har påtatt seg instruktøransvaret for å sikra barnehagen ein lærling, men det er ikkje ei god løysing.

Dei siste åra har det vore få søkjarar til barne- og ungdomsarbeidarfaget på Kvam vidaregåande skule. Det medfører utfordringar knytt til rekruttering av fagarbeidarar til barnehage. Lærlingar er ein stor ressurs til barnehagen og viktige framtidige arbeidstakarar i kommunen. I framtidas utfordringar med rekruttering av arbeidskraft er me heilt avhengig av at ungdommar søker barne- og ungdomsarbeidarfaget og får tilbod om læreplass i Kvam herad.

Kvalifiserte søkjarar

I 2023 var det få kvalifiserte søkjarar til utlyste stillingar, og det var utfordrande å få personale i alle stillingane. Personale har blitt henta inn frå andre barnehagar, me har nytta auka grunnbemanning og bemanninga som var auka for å ta imot barn gjennom året inn i grunnbemanninga. Dette gjer at alle barnehagane ikkje har fått erfaring med auka grunnbemanning som ei styrking. Dei auka ressursane har redda oss. Styrarane seier at dersom dei ikkje hadde hatt auka grunnbemanning hadde dei vore nøydd til å redusera opningstida og stenga avdelingar i større grad.

Me har erfart at å bruka tiltak som å flytta personale frå ein barnehage til ein anna, grunna bemanningsutfordringar, får ringverknadar, og fører til utfordringar ei ny stad.

Rekruttering av kvalifisert personale

Det er til tider utfordrande å få tak i barnehagelærarar til Strandebarm og Ålvik. Bakgrunnen for utfordringane er at mange ikkje ynskjer lang reiseveg til jobb. I 2023 gav me eit tilskot på kr. 30.000 for å rekruttera kvalifiserte barnehagelærarar til ledige stillingar i Strandebarm og Ålvik barnehage.

Vikarar

Det er store utfordringar med å få nok vikarar ved stort fråvær. Leiar for barnehage, vikarkoordinatorane og informasjonsrådgjevar har brukt mykje tid på å rekruttera fleire vikarar til barnehagane. På dagar med lågare bemanning har aktivitetar vorte avlyst og det pedagogiske tilbodet redusert. Personale gjer vurderingar på korleis dagen skal organiserast etter kva bemanning dei har. Styrarane brukar dagleg mykje tid til å omorganisera personale for å sikra forsvarleg drift i barnehagen og tid til oppfølging av personale. Det er mange administrative oppgåver og utviklingsarbeid som blir satt på vent.

Barnehagane har måtta be føresette om å henta tidlegare, halde barn heime eller redusert opningstida enkelte dagar. Dette er eit alvorleg verkemiddel som me vil unngå, men som tidvis er nødvendig for å sikra eit forsvarleg barnehagetilbod.

SU har fått førespurnad om å komma med innspel til vikarutfordringane. Tilbakemeldingane var:

- Tilsette, føresette og Kvam herad må gje eit godt omdømme av barnehagane, dette er ekstra viktig for barnehagar som ikkje er plassert i Norheimsund og Øystese området. Kvam herad må framsnakka barnehagane og sjå fordelar av at barnehagen t.d. er liten, det er færre born og tilsette å forhalda seg til. Gje positiv omtale av arbeid i barnehage i sosiale media
- Føresette og tilsette må skryta av eigen barnehage slik at arbeidsplassen vert attraktiv

- Vikarar må inkluderast og få god opplæring, det er t.d. viktig at vikarar får innsikt i kva som er forventa av dei og at dei helsar på føresette
- Som vikar i barnehage får ein dårleg lønn, og ein får høgare lønn ved å t.d. jobba i butikk, på skule eller i pleie og omsorg. Forslag er at vikarar i barnehage får høgare lønn, får tilbod om arbeidstid inn i køyringa, kortare arbeidsdag, firedagarsveke, e.l.
- Barnehagane må få rikeleg grunnbemanning slik at det ikkje er så sårbart når nokon er vekke. Vikarar kan vera på «topp», som faste vikarar og ikkje ringevikar. Det sikrar føreseieleg kvardag og er kanskje meir freistande for vikarane
- God informasjon utad om moglegheiter for vidareutdanning og evt. fagbrev. Gje tilbod om desentralisert utdanning i kommunen/regionen og gje god stipendordning til dei som ynskjer å utdanna seg

Emosjonelle belastningar i kvardagen

Forholdet til andre, både born og vaksne, er ein viktig og gjevande del av arbeidet i ein barnehage. Samstundes kan det å stadig forhalda seg til andre sine følelsar bli ei påkjenning. Over tid kan det å handtera emosjonelle krav i løpet av arbeidsdagen føra til auka risiko for emosjonell utmatting og sjukefråvær. Dette er noko me må setje ord på og sikra auka kunnskap om for å hindra for store belastningar. I barnehagane er det størst andel kvinner som jobbar og overgangsalderen rammar alle kvinner i større eller mindre grad. Overgangsalder i samband med emosjonelle belastningar, støy og oppleving av stress er ikkje optimal. I 2023 byrja barnehagane si deltaking i Helselarbeid der dette er tema. Det skal jobbast vidare med for å sjå på løysingar for å redusera desse belastningane.

Auka arbeidsmengd i byggeprosessar

Me har erfart at byggeprosessar er tidkrevjande og vert meir omfattande enn fyrst tenkt. I Bjørketeigen barnehage har me ein pågåande ombyggingsprosess som byrja i 2020. Det har vore belastande og krevjande for personale. Det har vore mykje ansvar og ekstra arbeid på styrar med å kombinera dagleg drift og ombygging med t.d. handtering av mange handverkarar, risikoanalysar, evakueringar ved falske brannalarmar, rydding og klargjering av rom i forkant av for eksempel golvlegging og daglege slutningar som skal takast. Personale har måtta prioritert rydding og flytting framfor å vera med borna ved fleire høve.

Tilbakemeldingar er at det er utfordrande for born, føresette, tilsette og styrar at oppgradering/oppussing av barnehagen tek så lang tid. Det er krevjande å stå i, og krevjande for alle partar «å vera på vent» så lenge.

Brøyting og strøing i barnehagane

Å ha ferdig brøyt og strødd veg heilt fram til døra i barnehagane om morgonen er ei utfordring. Det er fleire tilsette som vert møtt av irriterte føresette som skal levera om morgonen og må vassa i snø med born og utstyr i hendene. Ulike løysingar er teke i bruk, som t.d. avtale med eigne entreprenørar om brøyting før opningstid, innkjøp av snøfres og at personalet brøyter. Uteområda er store og tilgang på personale før/i opningstida, i tider med tilgang på lite vikarar, gjer dette krevjande. Personale gjer uttrykk for at dei er redde for å gli, og skada seg, og at dei ikkje har helsa til å brøyta. I 2023 laga alle barnehagane avtale med private aktørar for å få brøyta uteområde, dette er kostbart og ikkje på budsjettet til barnehagane. Løysingane må difor arbeidast vidare med.

I Bjørketeigen barnehage opplever personale og føresette utfordringar med å komma seg opp bakken frå hovudvegen på dagar med mykje snø og glatt veg. Dette medfører at folk kvir seg til å køyre til arbeid og til levering/henting av born.

Kostratal 2023

- I Kvam herad går 93,9% av born i alderen 1-5 år i barnehage
- Andel barnehagelærarar i forhold til grunnbemanning i Kvam er 36,4%, noko som viser at me har ein veg å gå mot regjeringa sitt mål om 60% barnehagelærarar i barnehage. Både nasjonalt og i kostragruppe 5 ligg andelen litt over Kvam med henholdsvis 40,8% og 41,2% barnehagelærarar
- Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år var i 2023 kr. 247.546 noko som viser at me ligg over både nasjonalt (kr. 216.812), kostragruppe 5 (kr. 230.272) og Vestland fylke (kr. 221.123). Auka grunnbemanning og at barn byrjar i løpet av året, medan bemanninga byrjar frå august kan vera årsak til at me ligg høgt

Kommunebarometer

Dei viktigaste tala knytt til barnehage i Kommunebarometeret er grunnbemanning i barnehage, tal barnehagar som følg pedagognorma, og tal tilsette som har pedagogisk utdanning. Desse tala utgjør tilsaman 45% vekting i Kommunebarometeret.

Bemanning: I 2021 og 2022 var gjennomsnittleg bemanninga, for heile landet, 5,6 barn pr vaksen. For Kvam var talet 5,5 born per vaksen i dei kommunale barnehagane i same periode. Dei kommunale barnehagane får tildelt ressursar i tråd med lovkrav, 6,0 born per vaksen, i tillegg til auka grunnbemanning.

Kvam har ifølgje statistikkane lågare bemanning i dei kommunale barnehagane enn dei fleste andre. Som regel er bemanninga lågare jo større kommunen er, noko som kan henga saman med at det då er fleire større barnehagar.

Pedagogisk personale: I 2018 innførte regjeringa nye utdanningskrav til personalet i barnehagar. Andelen kommunale barnehagar som oppfyller pedagognorma, utan dispensasjonar, var i fjor på 65,7%. I Kvam oppfyller 50% av dei kommunale barnehagane pedagognorma (utan dispensasjon), ifølgje tal frå Utdanningsdirektoratet. 36,6% av dei tilsette i dei kommunale barnehagane i Kvam har pedagogisk utdanning.

Menn i barnehagen: Andelen menn som jobbar i barnehagane i Kvam er på 8,9%. Nasjonalt er talet 12,3% og kommunar med flest menn i barnehagen har 33,3%.

Tal barn: Nasjonalt viser tala at 93,55% av alle born i barnehagealder har plass i barnehagen. I Kvam har 97,54% av borna barnehageplass.

Minoritetsspråklege born: Andelen born med minoritetsbakgrunn som går i barnehage, har auka mykje dei siste åra. Nasjonalt har andelen auka frå 80,3% i 2017 til 86,2% i fjor. I Kvam går 98,5% av borna med minoritetsbakgrunn i barnehage, ifølgje tala.

Storleik: Ein gjennomsnittsbarnehage i Norge har 47,87 born. Barnehagane i Kvam har, i følgje statistikken, i snitt 62,57 born.

Oversikt over barnehagane i Kvam herad

Norheimsund barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	2017	Tal tilsette	39
Sist renovert/nybygd	2017	Dispensasjonar (årsverk)	1,6
Tal avdelingar/base	6	Tal born	94
Tal menn/kvinner	3 menn og 36 kvinner		

Bemanning: Dette året har barnehagen hatt 12 årsverk barnehagelærar, 13 årsverk fagarbeidar/assistent og 1,6 årsverk auka grunnbemanning.

Ein fagarbeidar tek barnehagelærar deltid, samlingsbasert via Høgskulen på Vestlandet. Ein fagarbeidar har tatt vidareutdanning gjennom fagskule innan arbeid med dei yngste barna i barnehagen. Ein fagarbeidar tek vidareutdanning på fagskule innan arbeid med livsmeistring og helse i barnehagen.

Det var mangel på barnehagelærarar som søkte stilling i Kvam herad våren 2023. Dette førte til at to fagarbeidarar vart tilsette som barnehagelærar på dispensasjon. Kvar avdeling har hatt ein pedagogisk leiar og ein barnehagelærar samt to fagarbeidarar/assistentar.

Norheimsund barnehage har hatt utfordringar med høgt sjukefråvær, og særleg på ei avdeling. Det vart sett i verk tiltak med å flytta ein tilsett frå anna avdeling over på avdelinga med fråvær, dette for å sikra eit trygt og godt barnehagemiljø for barnegruppa. Det viste seg å ikkje verta like stabilt som ynskja.

Å få tak i vikarar har vore utfordrande. Planlagt fråvær fram i tid har stort sett vorte dekkja opp, medan dagsfråværet har vore utfordrande. Norheimsund barnehage har 1,6 årsverk auka grunnbemanning, i tillegg til to lærlingar. Desse ressursane har bidrege til at barnehagen ikkje har måtta stenga avdelingar og redusert tal meldingar til foreldra om å henta barn tidlegare/halda barn heima.

Rekom utviklingsarbeid: Norheimsund var den fyrste barnehagen som gjennomførte Rekom, barnehageåret 2020/2021. Det var mange restriksjonar kring Covid-19, og utviklingsarbeidet fekk ikkje ynskt resultat. Temaet var mangfald og pedagogiske dokumentasjon.

Psykososial miljø: Barnehagane i Kvam har utarbeida plan om psykososialt barnehagemiljø, denne føl me og den er jamleg tema på pedagogisk leiarmøte og inkluderingsteam. Planen vert introdusert for nyttilsette og me jobbar førebyggjande. Det har vore oppretta fleire saker som har vorte undersøkt, både på enkelt- og gruppenivå. Meldingane har kome frå personale og føresette. Barnehagen samarbeid godt med føresette i saker kring psykososialt miljø.

Norheimsund barnehage starta barnehageåret 2023/24 saman med kriseleiinga i Kvam herad. Oppstarten av barnehageåret vart for heile personalgruppa utfordrande då eitt barnehagebarn døydd. Dei tilsette tok imot barn og føresette og sto i stor emosjonell belastning ved å ivareta barna, seg sjølv og dei andre tilsette. På gravferdsdagen vart ei avdeling i barnehagen stengd. SU og leiar for barnehagar var med i denne avgjersla.

Det fysiske læringsmiljøet: Kvart år vert det gjennomført leikeplasskontroll. Hausten 2023 måtte barnehagen fjerne dissestativet grunna råte. Norheimsund barnehage sendte ikkje inn søknad om midlar til uteområde, og rekk difor ikkje tildelt midlar i denne omgang. Barnehagen har som mål å få ei «ufo»-disse på staden der det gamle dissestativet var.

Hausten 2022 bestilte barnehagen mykje nye uteleiker til sandkassar m.m. Det er kjøpt inn få nye inneleiker dei seinare åra og inneleikene er stort sett det som ikkje vart kasta ved samanslåinga av Tolomarka og Norheimsund barnehage.

Digitalt utstyr: Styrar, barnehagelærarar og lærlingar har eigen pc.

Kvar avdeling har TV skjerm, ein pc, eitt nettbrett og to mobiltelefonar. Nettbrett og mobilar nyttar dei tilsette til kommunikasjonsverktøyet vårt MyKid. TV vert nytta som pc skjerm på planleggingsdagar. Personale nyttar dei digitale verktøya opp mot Rammeplan for barnehagar og årshjulet med tema, t.d. eventyr, musikk, faktaopplysningar e.l. Spesialpedagogane har eige nettbrett. Dette nyttar dei i arbeid med vedtakstimar og gjennom arbeid med grønne og gule timar på gruppenivå.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: Dette barnehageåret har det vore gjennomført eitt fysisk møte i barnehagen. Utanom dette har det vore telefon- og e-postkorrespondanse.

Tema på møte/ kontakten har vore årsplanar og årshjul, kapittel 8 i barnehageloven *Psykososialt barnehagemiljø*, bemanning- og vikarsituasjonen, ulukka ved barnehageoppstart, m.m.

Utfordringsbilete: Mangel på vikarressursar gjer at dei tilsette strekkjer seg langt for å ivareta sikkerheita til barna i barnehagen.

Kvam herad gav midlar til 120% administrasjonsmedarbeidarar (vikarkoordinatorar) som skal organisera bruken av, og rekruttering av vikarar. Dette har vore positivt for dei tilsette i Norheimsund barnehage. Mangelen på vikarar er der framleis, men satsinga har gjort det lettare for pedagogisk leiarane i barnehagen. Barnehagane i Kvam sin rutine for høgt fråvær i personalet har vore til stor nytte og hjelp i slike situasjonar.

Bjørketeigen barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	Bjørketeigen bhg. vart etablert i 2011. Bygningen var bygd på 1970 talet og vart brukt som institusjon.	Tal tilsette	31 personar i større eller mindre stillingar, inkludert spesialpedagog og lærling. Tildelt ressurs: 23,6 årsverk. I desember hadde me 21,80 årsverk.
Sist renovert/nybygd	Har vore under sidan vinter 2020	Dispensasjonar (årsverk)	2
Tal avdelingar/base	7 avd./ 3 basar	Tal born	90 i løpet av barnehageåret
Tal menn/kvinner	3 menn, 28 kvinner og 1 lærling (mann)		

Bemanning: Me har 8 årsverk utdanna barnehagelærarar. Me har ein barnehagelærer som er støttepedagog og ein barnehagelærer med vidareutdanning i spesialpedagogikk som jobbar som spesialpedagog i Bjørketeigen barnehage i 70% stilling. Ein av dei pedagogiske leiarane har også vidareutdanning i spesialpedagogikk. Fleire av dei pedagogiske leiarane har vidareutdanning 15 stp. i rettleiing. Ein av dei pedagogiske leiarane har 10% stilling som rettleiar for nyutdanna barnehagelærarar, denne tek vidareutdanning i rettleiing 30 stp. inneverande barnehageår.

Me har 7 utdanna barne- og ungdomsarbeidarar, og me har ein tilsett med ergoterapeut utdanning. Me har også helsefagarbeidar og barnepleiar i personalet.

I løpet av inneverande barnehageår har 2 barnehagelærarar slutta , og ein 3. sluttar til sommarferien.

Gjennom året har utfordringane med sjukefråvær og mangel på vikarar vore utfordrande. Barnehagen har omorganisert og flytta på personal to gonger dette året for å stabilisera avdelingar. Det har ikkje hatt den effekten me hadde ynskt. I staden skapar det auka slitasje og sjukefråvær blandt personalet.

Rekom utviklingsarbeid: Bjørketeigen barnehagen skal etter planen starta Rekom utviklingsarbeid hausten 2024.

Psykososial miljø: Barnehagen jobbar kontinuerleg med tema. Me hadde det som tema på foreldremøte hausten 2023 og føresette kom med innspel til kva som skulle stå i årsplanen om tema, kva føresette og barnehagen kunne gjera for at det psykososiale miljøet skal vera godt for alle og at alle skal kjenna at dei er inkludert.

Føresette og tilsette varslar til pedagogisk leiar og styrar dersom dei opplever at barnet deira ikkje har det bra i barnehagen. Barnehagen nyttar dei kommunale skjema. Barnehagen gjennomfører undersøkingar og set i gang tiltak. Barnehagen har samtalar med barn og føresette.

Heile personalet jobbar med kompetansepakkar om *Trygt og godt barnehagemiljø* frå Utdanningsdirektoratet på planleggingsdagar i november og mars.

Det fysiske læringsmiljøet: Bjørketeigen barnehage ligg heilt i skogkanten på Vavollen i Øystese. Det er kort avstand til fine turområde. Deler av barnehagen sitt uteområde er natur. Som ein del av oppgraderinga har vegen mellom «bygningane i det som var institusjon» vorte leikeplass. Barnehagen har fått midlar til å få laga ein heilskapleg utomhusplan. Me ventar pr. i dag på denne planen. Slik det er no, er dette området ein kjedeleg asfaltveg som minnar lite om barnehage. Ved oppgradering av personalavdelingar fekk barnehagen eit overbygg som binder husa saman, dette er heilt veldig bra med tanke på å eta mat ute og andre aktivitetar der me treng eit tak over.

Inne er barnehagen nedsliten og det trengst maling mange stader. Det er også eit stort behov for å investera i både nytt inventar og nye leiker/utstyr til å ha inne, både på små- og storbarnsbasen.

Barnehagen planlegg ein stor omorganisering frå august 2024. Då er tanken å flytta dei yngste barna ned i 1. etasje og dei eldste opp til 2. etasje. Å gjennomføre denne omorganiseringa har vore planen nokon år, men då oppgraderinga av barnehagen dreg ut, har me utsett det. I år ser det som det kan gjennomførast. Årsaka til omorganiseringa handlar om HMS og branntryggleik. Flyttinga krev ein del arbeid frå mange hald, både byggdriftarar, reinhaldar og tilsette og er planlagt i juni.

Digitalt utstyr: Me har ganske bra digitalt utstyr no, men me manglar pc'ar til nokre avdelingar. Bjørketeigen barnehage slit veldig med telefondekning og til tider internett tilgang, dette vart forverra etter overgang til Phonero. Det har ved nokre høve vore uttrykt behov for andre typar telefonar enn dei me har i dag, då det i nokon samanhengar kan vera nødvendig å ha tilgang til Facetime ved t.d. oppringing til 113.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: Barnehagen har godt samarbeid med SU og har i 2023 hatt fleire møter gjennom året. Tema på møta har vore barnehagekvardagen, personal- og vikarmangel, bemanningssituasjonen, byggjeprosess og status, uteområdet, dugnadar, trygt og godt barnehagemiljø, foreldreundersøkinga m.m.

Utfordringsbilete: Den største utfordringa er å ha nok personal på jobb til ei kvar tid. Det er korttidssjukefråværet og anna fråvær t.d. ulike permisjonar som gjev dei største utfordringane, både med tanke på slitasjen for tilsette, men og i forhold til å gjennomføre planar og pedagogiske oppgåver slik rammeplan og lovverk krev. Barnehagen omorganiserer og flyttar rundt på folk nesten kvar dag, og leiar for barnehage og vikarkoordinatorane jobba kontinuerleg for å skaffa fleire vikarar.

Vidare er det utfordrande for tilsette, føresette og styrar at oppgradering/oppussing av barnehagen tek så lang tid. Det er krevjande å stå i, og krevjande for alle partar «å vera på vent» så lenge.

Det har i mange år vore jobba med å få digitalisert låsesystem i Bjørketeigen barnehage (bruk av ID-kort på dører) og effektivisering av låsing av dører. Det er mange dører som skal låsast opp og igjen på ein dag, dette er ressurskrevjande for personale.

Tørvikbygd barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	1985	Tal tilsette	7 2 lærlingar i 80% 1 ekstra ressurs 25% 1 spes.ped 20% 1 styrar i 60%
Sist renovert/nybygd	2016	Dispensasjonar (årsverk)	1
Tal avdelingar/base	3 - men 2 avdelingar i bruk	Tal born	18
Tal menn/kvinner	12 kvinner		

Bemanning: I barnehageåret 2023/24 var det 17 born/27 einingar og 7,25 årsverk. Tørvikbygd har vore bemanna opp med 2,0 årsverk for å kunna ta imot fleire born gjennom året. Det var ikkje nok barnehagelærarar som søkte på utlyst stilling så me har hatt fagarbeidar på dispensasjon dette året. Me har fått tildelt 0,25 årsverk auka grunnbemanning som er fordelt på ein dag i veka og ein dag i månaden. Barnegruppe er fordelt med 9 born under 3 år, og 8 born over 3 år.

Det er ingen i personale som tek vidareutdanning dette året.

Barnehagen har, dette året, to lærlingar og to instruktørar. Førre år var det styrar som var rettleiar og instruktør då barnehagen ikkje hadde instruktørar.

Rekom utviklingsarbeid: Me er ferdig med Rekom og den tida som var sett av til barnehagen med veiledning og oppfølging. Grunna mykje fråver i personalet fekk me ikkje hatt avslutningsmøte med veileder frå høgskulen. Me var klare til å fortsetje arbeidet på eigenhand og snakka med Høgskulen og fylkeskommune om å få vidareføra midlar som var sett av til vidarearbeid. Dette var ok dersom barnehagen laga ein oversikt og plan for bruk av midlar. Det har vore sett av fast tid til vidare arbeid med Rekom på personalmøta gjennom året. Med dette sikrar me godt arbeid med problemstillingane våre Leikemiljø og aktive vaksne i leik.

Psykososial miljø: Barnehagen gjennomfører kompetansepakken *Trygt og godt barnehagemiljø* (Udir). Det er utfordringar å inkludera og gje innføring av innhaldet i kompetansepakkane til nyttilsette. Det bidreg til at det tar tid å gjennomføra alle modulane for å sikra lik forståing. Ein faktor er og at me er få tilsette, og me får ikkje heilt tak på det gode utviklingsarbeidet.

Me jobbar mykje med inkludering i barnegruppene då dette er det dei treng mest sidan det er få born på alderstrinna, og ikkje alle er naturleg vener og føretrekk å vera saman. Det å ha nokon å leika med, tolerera og respektera andre er tema me fokuserer på. Dei vaksne treng

å vera tett på og delta i leik, hjelpa born inn i leik og til å regulera følelsar. Samt vera ein inspirator til leik. Me har satsa mykje på at borna skal få vera fysisk aktive kvar dag. Dei vaksne introduserer dagleg t.d. regelleikar, songleikar og hinderløyper for borna.

Me prøver å bruka avdelingane som «den tredje pedagog». På ei avdeling er det ein del gjennomgang frå andre avdelingar og dette forstyrrar borna i leik.

Me har årlege møter i lågterskelteamet for å søkje rettleiing om born, både på individ- og gruppenivå. Spesialpedagog har timar på gult og grønt nivå i barnehagen, då vert borna delt i smågrupper og har fokus på språk, leik og ulike spel.

Det fysiske læringsmiljøet: Leik og leikemiljø, aktive vaksne i leik og fysisk leikemiljø er nokre satsingsområde me har i barnehagen. Det var Rekom arbeidet som avdekkja behov for fokus på dette. I tillegg til ein pedagogisk leiar som nyleg hadde tatt vidareutdanning i born og fysisk aktivitet. Me har gjort ulike grep i barnehagen for å invitera til leik, t.d. tatt vekk store bord på avdelinga til fordel for eit miljø som innbyr til aktiv leik. Me brukar felleskjøkkenet i barnehagen til alle måltid. Dette frigjer plass til mykje god boltreplass og gjer at borna kan vera aktive og inne på avdeling. Vidare er avdelinga delt inn i ulike soner med ulike typar leik. Det er laga til eigne stader for mjuke materialar som t.d. matter, puter, tepper, mjuke byggeklossar, bamsar e.l. og eigna stad til harde leikemateriale som t.d. duplo, bilar og togbane. Me har kjøpt inn store gardiner og oppheng som deler fingarderobe frå avdeling. Det fungerer som tiltak mot støydemping og skjerming av leik.

Digitalt utstyr: Det er gjort ein del digitale oppgraderingar dei siste åra. Styrar har fått 1 stk. pc, stor skjerm, tastatur, mus, webcamera og telefon. Pedagogisk leiarane har kvar sin pc, øvrig personale har 1 pc og lærling har ein. Me har 2 pc`ar til felles bruk som er forholdsvis nye. Me har eigen pc til Rolltalk på arbeidsrom. Avdelingane har kvart sitt nettbrett og mobiltelefon som er relativt nye og gode.

Me har behov for oppdatering av smarttavla vår. Koplingsboks og tilkopling av leidningar er utdatert i forhold til trådlause einingar som skal koplast opp mot tavla. Dette er for kostbart for barnehagen sitt budsjett. Me har kjøpt ein liten høgtalar som går på Bluetooth og fått lengre leidningar som koplar pc og tavla saman, men det er framleis ikkje optimalt ved bruk. Det er behov for ein «talarstol» til å ha ein pc som var konstant kobla til tavla.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: Hausten 2023 hadde me to SU møter. Eitt møte der foreldrerådet valte representantar og eitt møte der agenda var å skrive søknad om midlar til uteleikeplassen. Andre tema på møta var t.d. gjennomgang av økonomi, årsplan og val av verv. Me har god dialog og samarbeid med SU gjennom heile året utanom dei formelle møta.

Utfordringsbilette: Få søkjarar til Tørvikbygd barnehage og små barnegrupper gjer at det er utfordrande å få til gode leikegrupper, vener og vaktene til å gå opp. Bruk av avdelingar er ei anna utfordring ved fordeling av barn ut i frå alder og antal. Det er stor spreining i alder i ei barnegruppe i aldersspennet 2-5 år. Me utnyttar avdelingane i barnehagen etter antal barn og alder kvart år.

Me har utfordringar med å få vaktssystemet til å fungera då me har 3 pedagogisk leiarar som skal ta ut 15 timar planleggingstid i veka. I tillegg har me fleire i personalgruppa som bur i andre bygder og har born i barnehage og SFO som skal leverast og hentast, og såleis ikkje kan ha tidleg- og seinvakter.

Sjukefråvær og emosjonell slitasje hjå dei tilsette har vore stort i år. Sjølv med ekstra personale tilsett i haust har me hatt stort sjukefråvær og vanskar med å få tak i nok vikarar. Vikarkoordinatorane gjer ein god jobb med vikararbeidet. Tørvikbygd måtte låna vekk ein tilsett, i 3 veker, til Bjørketeigen. I same tidsrom vart det utfordringar med sjukefråvær i Tørvikbygd. Over tid medfører vikarmangel slitasje på personalet og går utover kvaliteten på arbeidet. Gjennomføring av planar og det gode pedagogiske arbeidet vert prega av «brannsløkking» og tilsyn i tider med redusert bemanning. Det at borna er trygge og har det bra i barnehagen er det viktigaste personalet fokuserer på i denne tida.

Det har vore utfordrande å avvikla personalmøte og avdelingsmøter dette året grunna stort sjukefråvær.

Ålvik barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	1985	Tal tilsette	9
Sist renovert/nybygd	2012	Dispensasjonar (årsverk)	1,4
Tal avdelingar/base	2	Tal born	32 (42 einingar)
Tal menn/kvinner	9 kvinner		

Bemanning: Barnehagen hadde 31 born/43 einingar og 7,40 årsverk. Ingen tilsette tar vidareutdanning dette året. Me har hatt 1,4 årsverk pedagog på dispensasjon, då det ikkje var nok kvalifiserte søkjarar til barnehagelærarstillingane som var utlyst våren 2023. Barnehagen har 1 lærling.

Rekom utviklingsarbeid: Barnehagen har jobba med Rekom frå hausten 2021 og ut våren 2023. Temaet vårt var "Korleis utvikla felles pedagogisk praksis med høg kvalitet i vår barnehage i forhold til språkutvikling, vaksenrolla og felles system". Personale har jobba godt med felles mål og rutinar rundt måltid med fokus på språk. Me har vidare jobba for å laga gode rutinar for andre rutinar knytt til temaet i Rekom. Det er utfordringar i forhold til involvering av nyttilsette og vikarar som ikkje har vore med i heile prosessen, men utviklingsarbeidet har satt gode spor, som me vil fortsetta å jobba med.

Psykososial miljø: Barnehagen gjennomfører Udir sine kompetansepakkar Trygt og godt barnehagemiljø. Barnehagen har gode skriftlege rutinar som alle kjenner til. Me har jobba godt med tema på planleggingsdagar, avdelingsmøter og personalmøte. Personale har fokus på førebygging og tidleg innsats.

Det fysiske læringsmiljøet: Leik og leikemiljø, aktive vaksne i leik og fysisk leikemiljø er noko barnehagen har stort fokus på. Barnehagen har mykje slitt og gamalt utstyr både inne og ute. SU har jobba for å få midlar til uteleikeplassen. Dette har me no fått pengar til og barnehagen kan gjera utbetringar på uteleikeplassen.

Det vil verta kjøpt inn fleire nye benkar/bord og vippedyr. Det skal kjøpast inn ein del material til å bygga benkar, kle igjen overbygg i skogen, m.m.

Digitalt utstyr: Me har fått ein del digitalt utstyr dei seinare åra. Alle dei pedagogiske leiarane har pc og avdelingane har kvar sine nettbrett. Det er kjøpt inn pc til lærlingar og instruktørar og ein ny projektor. Det er behov for å kjøpa inn nye pc'ar til alle barnehagelærarane, i tillegg til pc til kvar avdeling, og eigen pc til Rolltalk design.

Barnehagen slit til tider med dårleg internett tilgang, dette er krevjande ved deltaking i teams møter.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: Det vert gjennomført to faste møter i året og eventuelt fleire ved behov. Det er godt samarbeid med SU. Tema som vert tatt opp er t.d. psykososialt barnehagemiljø, vikarutfordringar, godkjenning av årsplan m.m.

Utfordringsbilete: Det er ein del gammalt utstyr i barnehagen, og det er behov for nytt både inne og ute. Det er store utfordringar med å få tak i nok vikarar i Ålvik. Vikarar som bur i Øystese og Norheimsund område vil ikkje reisa til Ålvik for å vera vikar. Dette medfører stor slitasje på dei tilsette.

Sjydnahaugen barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	Nytt bygg i 2016 Kommunal barnehage	Tal tilsette	24 tilsette i ulike stillingsprosentar, inklusiv administrasjon og spesialpedagog
Sist renoverert/nybygd	2016	Dispensasjonar (årsverk)	0
Tal avdelingar/base	4 avd.	Tal born	72
Tal menn/kvinner	1 mann og 23 kvinner		

Bemanning: Barnehagen har 12 pedagogar inklusiv styrar, spesialpedagog og administrasjonsmedarbeidar. Det er 7 årsverk som arbeider med barna og dekker pedagognorma.

Av pedagogar i barnehagen som har vidareutdanning utover treårig høgskule er det 5 som har vidareutdanning. Ein pedagog har 6,5 års høgskuleutdanning, tre har vidareutdanning i spesialpedagogikk og ein har vidareutdanning innan rettleiing.

I tillegg er det ein barnehagelærar som tek vidareutdanning i spesialpedagogikk dette barnehageåret og ein barnehagelærar som tar master i spesialpedagogikk.

Barnehagen har 8 fagarbeidarar 4 assistentar utan barnehagefagleg utdanning. Tre av fagarbeidarane har vidareutdanning. To har vidareutdanning innan fleirkulturell og språk, og ein er ferdig med andre året på bachelor innan pedagogikk, vedkommande har og vidareutdanning i spesialpedagogikk og fleirkulturell/språk.

Rekom utviklingsarbeid: Sjydnahaugen barnehage er med på Rekom frå våren 2023 til våren 2025.

Hovudmål: Meir aktive og deltakande vaksne i uteleiken

Delmål: Førebygga trygt og godt barnehagemiljø og barns medverknad i uteleiken

Før prosjektstart vart det gjennomført eit internt møte i barnehagen med styrar, høgskulen og eksterne vurderarar. Det var viktig for å få god informasjon om igangsetjing av prosjektarbeidet, forventningsavklaring og progresjon framover. Vår 2023 gjennomførte

barnehagen ståstadanalyse, for å sjå kva område me ville ha som utvikling og vurderingsområde for barnehagen. Deretter laga me oss eit framtidsbilete i samarbeid med heile personalgruppa, som vart grunnlaget for dei som skulle gjennomføra ekstern vurdering av vaksne si deltaking i uteleiken og trygt og godt barnehagemiljø.

Føresett, tilsette og barna var viktige bidragsytarar for å få fram heila bilete i vurderinga, og representantar frå desse gruppene fekk fram sine meiningar gjennom møter og samtaler.

Etter vurderingsveka fekk barnehagen ein rapport for å setja meir fokus på styrker og utviklingsområde i barnehagen, og som er grunnlaget for det vidare prosjektarbeidet i barnehagen. Høgskulen frå Vestland fylke er fagleg instans som bidrar med førelesning og rettleiing, i tillegg til ein av dei eksterne vurderarane som er med for å hjelpa til i det vidare prosjektarbeidet.

I barnehagen er det ei prosjektgruppe som leiar prosjektarbeidet i lag med styrar. Det er styrar som er ansvarleg for prosjektet. Me har hatt fem prosjektgruppemøter, og skal den 14. mai ha høgskulen ha førelesning om temaet nyare barnesyn og vaksenrolla.

Målet med prosjektet er å klara å sjå barna endå betre i uteleiken, samt at me i personale vert utfordra til å sjå på korleis me kan verta betre til å sjå barna sin kvardag frå barna sin ståstad.

Psykososial miljø: I Kvam herad er det utarbeida ein felles plan for barnehagane om korleis ein skal arbeida for å førebygga og setja inn tiltak for at barna skal oppleva å ha eit trygt og godt barnehagemiljø. I Sjydnahaugen barnehage har me gode system og rutinar for å førebygga og setja inn tiltak dersom det vert oppdaga at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen.

Foreldre får informasjon på foreldremøte om hausten om prosedyrar, samt at informasjon vert formidla via Mykid, som er kommunikasjonskanalen mellom barnehage og heim.

Det er utarbeida felles mal og skjema for korleis ein handterer saker som oppstår, noko me opplever som eit godt verktøy i arbeidet med å fylja opp at barna skal ha eit trygt og godt miljø i barnehagen.

Det psykososiale miljøet blant tilsette er og veldig viktig for at me skal gjera ein så god jobb som mogleg med barna. I barnehagen har me kvar haust tema psykososialt arbeidsmiljø på agendaen, samt at alle LTV møter har dette fast på agendaen. I Sjydnahaugen står me i personale tett saman, og har fokus på openheit og vera raus med kvarandre.

Det fysiske læringsmiljøet: Me har ein leikekomité i barnehagen som har ansvar for ute og inne leikemiljø, samt organisering av dagnader. Det er styrar og tre tilsette som sit i denne komiteen.

For barnehageåret 2023/24 søkte me om å få tilskot for å få kjøpa inn meir leikeapparat til uteleikeplassen. Sjydnahaugen fekk kr. 175 000 til utstyr, og barnehagen har bestilt inn leikeapparat for delar av summen, og skal bestilla resten no før sommaren. Det som er kjøpt inn til barnehagen er utekjøkken, sorteringsbord, hytta, balansestolpar, renne og bøtter til kjøkken og sykklar.

Det var dugnad i barnehagen hausten 2023, og då vart det malt og beisa, samt rydda og kasta boss.

Kvar månad går ein frå administrasjonen fast runde på leikeplassen og ser at det ikkje er feil og manglar på utstyr, i tillegg melder tilsette ifrå når dei ser noko som er øydelagt. Ein gong i året er det inspeksjon på uteleikeplassen av ein med fagleg kompetanse på området.

Av inneleiker har me ein del, men det er behov for nytt materiell og utstyr for å supplera utval.

Digitalt utstyr: Barnehagen har behov for ny projektor som er fastmontert i taket. Då vert det mindre arbeid i forkant av t.d. personal- og foreldremøte. Det er også behov for ein ny stasjonær pc til arbeidsrommet. Kvar pedagog, verneombod, tillitsvalde og lærling har eigen berbare pc. Avdelingane har nokre gamle berbare pc`ar som ikkje fungerer optimalt, desse nyttar fagarbeidarar og assistentar når dei har planleggingstid. Kvar avdeling har to mobiltelefonar kvar. Det er ynskje frå barnehagen, si sida, at kvar pedagogisk leiar kunne fått kvar sin mobiltelefon, slik at dei ikkje må bruka privat mobiltelefon i jobbsamheng.

Kvar avdeling er utstyrt med nettbrett, og spesialpedagogen har sitt eige.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: Barnehagen har god dialog med foreldra i SU, og har to SU møter kvart barnehageår. På agendaen er det tema som konstituering av SU, godkjenning av årsplan, trygt og godt barnehagemiljø, utfordringar med å få tak i nok vikarar, dugnad, sommarfest, karneval, tema til foreldremøte, m.m.

Utfordringsbilete: Det er problem med å få tak i vikarar ved fråvær i personale. Kvar veke frå august til desember 2023 har det vore mangel på bemanning grunna fråvær. Å vita at det ikkje er mogleg å få tak i vikarar gjer det utfordrande for personale å stå i jobben. Heldigvis er det eit godt samarbeid i barnehagen, og me flytter på personale og fordeler oss til det beste for barnegruppene.

Tema stress og fokus på kva me kan gjera noko med er tema som har vore på saklista på fleire LTV møte, pedagogisk leiarmøte og personalmøte.

Tema om bemanningsmangel har også vore drøfta i SU, samt at det vert meldt avvik dei dagane det ikkje er nok personale på jobb. Ved større mangel i personale vert leiar for barnehage kontakta og det vert vurdert felles tiltak i tråd med prosedyrane som er for barnehagane.

Strandebarm barnehage



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, vart kommunal	16.10.1979 (i anna bygg på Børsheim)	Tal tilsette	21 tilsette Fordelt på 14,4 årsverk
Sist renovert/nybygd	Bygg 1990 og påbygg 2017	Dispensasjonar (årsverk)	1
Tal avdelingar/base	4 avdelingar	Tal born	53
Tal menn/kvinner	2 menn 19 kvinner		

Bemanning: 8 pedagogar (inkludert 1 styrar og 1 spesialpedagog, 6 pedagogar jobbar på avdelingane) 1 vernepleiar, 6 barne og ungdomsarbeidarar, 1 lærling og 4 assistentar. Barnehagen har 0,9 årsverk til styrking av grunnbemanning, denne vert nytta slik at pedagogane får ta ut lovfesta planleggingstid med styrking på avdeling.

Rekom utviklingsarbeid: Barnehagen startar opp med Rekom utviklingsarbeid haust 2024, med ekstern vurdering. Barnehagen er no i forarbeidsfasen med informasjon til tilsette, oppretting av arbeidsgruppe og jobbar med å velja tema for utviklingsarbeidet.

Psykososial miljø: Kvam herad har felles plan for å sikra trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane, kap. 8 i Lov om barnehage. Planen inneheld forebyggjande arbeid, årshjul for tilsette, lovverk, rutine, skjema for melding og aktivitetsplan. Tema er jamleg tema på møter i barnehagen. Alle tilsette deltek på 2 planleggingsdagar pr. år, der tema er arbeid med kompetansepakkane til udir.no: Trygt og godt barnehagemiljø. Førsette får informasjon om planen og korleis dei skal gå fram dersom dei har ei bekymring, på foreldremøte kvar haust og via kommunikasjonskanalen vår; MyKid. Barnehagen har lågterskelrunde saman med PPT, 3 møte pr. år, og 1 årleg samarbeidsmøte saman med helsestasjon.

Det fysiske læringsmiljøet: Leiker både inne og ute treng fornyast. Utvalet er lite og mykje er slitt. Budsjettet tillèt sjeldan innkjøp av nye leiker. Spesielt nye sykklar til barna er eit stort ynskje no. Fornyng av inneleiker er og eit stort behov. Barnehagen søkte om midlar til uteleikeplass, og fekk kr 175 000 innvilga. Det mangla kr. 65 000 for å få finansierte eit nytt klatrestativ, samarbeidsutvalet arbeider for tida med å finansiere resterande sum.

Digitalt utstyr: Alle avdelingar har kvar sin pc og nettbrett. Barnehagelærarane har kvar sin pc, i tillegg har me eigen pc til Rollertalk (bildeprogram). Barnehagen har 1 eldre projektor fastmontert i tak. Denne ynskjer me skal bli kabelfri for lettare å kunne bruka den. Barnehagen har 3 skjermar: pauserom, møterom og på avdeling Kråkenos, desse vert brukt av personalet på ulike møte, og kan og brukast til barna ved bruk for skjerm til ulike aktivitetar.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: SU har hatt 5 møter i 2023

Saker:

- Høyring/uttale på trafikksikringsplan
- Trygt og godt barnehagemiljø
- Høyring/uttale om redusert opningstid i barnehagen
- Konstituere samarbeidsutvalet
- Godkjenning av årsplan
- Søknad om midlar til uteleikeplass

Utfordringsbilete: Sjukefråværet er høgt, me er heldige som har gode og stabile vikarar, slik at det ved fråvær kjem kjende vikarar, noko som gjer dagane trygge for barna. Høgt fråvær fører likevel til slitasje på det faste personalet. Vikarkoordinatorane gjer no alle avtalar med vikarar, noko som er svært positivt.

Barnehagen treng sårt fornying av leiker til borna både inne og ute. Alle vinduskarmar treng pussast og malast, desse er prega av slitasje.

Sandven FUS barnehage as



Rammetal pr 15.12.23		Personalressursar pr 15.12.23	
Byggningsår, privat bhg	2009	Tal tilsette	22 tilsette + styrar
Sist renovert/nybygd	2009	Dispensasjonar (årsverk)	0,0
Tal avdelingar/base	2 basar som tilsvarar 2 småbarns-avdelingar og 3 storbarns-avdelingar	Tal born	83
Tal menn/kvinner	2 menn og 20 kvinner		

Bemanning: 1 barne- og ungdomsarbeidar som tek barnehagelærarutdanning samlingsbasert, ferdig våren 2024. 1 pedagogisk leiar som tek 30 studiepoeng i rettleiing, ferdig våren 2024. 1 pedagogisk leiar som tek master i barnehagekunnskap. 1 pedagogisk leiar som skal i gang med spesialpedagogikk, frå hausten 2024.

Rekom utviklingsarbeid: Sandven FUS barnehage deltek ikkje i Rekom. Me ha delteke på kommunens satsing Se barnet innenfra hausten 2023. Sandven FUS barnehage driv kompetanseutvikling gjennom FUS-barnehagene si eiga satsing «Barnet Først» som har fokus på lek og læring, TIK (Tuning into kids) og CLASS (Classroom Assessment Scoring System).

Psykososial miljø: Etterarbeid etter tilsyn 2022. Tilbakemeldinga på eigenvurderinga 2023 syner at barnehagemyndene fann ingen risiko for brot på barnehagelova, og vurderer at barnehagen vert driven i tråd med lova.

Det fysiske læringsmiljøet: Barnehagen har grillhytta og eigen minibuss.

Digitalt utstyr: Bærbar pc til pedagogane og nettbrett til kvar base.

Barnehagen sitt samarbeid med SU: 1 møte haust og 1 møte vår. Tema på møta kan vera godkjenning av årsplan, vedtektsendringar, økonomi, barnehagerute og andre ting knytt til drift og økonomi.

«Kom bli med!» Foreldrerepresentantane i SU arrangerer ein lågterskelaktivitet for alle barn og foreldre 2 gonger i året. T.d. tur med medbrakt kveldsmat.

Utfordringsbilette: Kan i periodar vera utfordrande å få tak i nok vikarar.

Oppsummering

Rådmannen vonar at tilstandsrapporten gjev eit inntrykk av korleis barnehagane i Kvam herad vert drivne, både lokalt i den einskilte barnehage, men og på overordna plan, som barnehageeigar og barnehagemynde. Rapporten speglar både kva barnehagane jobbar med, analysar, utfordringar og ynskjer for vidare utvikling av tenesta. Heradsstyret er barnehageeigar, og for å gjera gode overordna val, er det viktig med god informasjon for å ha god styringsdialog.

I dei ulike barnehagane skjer det mykje godt arbeid, og me har engasjerte tilsette som skapar ein god kvardag for borna. Me jobbar vidare med å skapa ein felles pedagogisk grunnmur og systemtenking. Dette krev tid og tolmod.

Barnehagesektoren ynskjer å ha fokus på fyljande område framover:

- Implementera Oppvekstplanen i arbeidet vårt og arbeida med dei tre beskyttande faktorane; Trygge vaksne, mangfald vert sett på som ein ressurs og høg kvalitet på opplæringa
- Arbeida vidare med å utvikla og implementera felles system for alle kommunale barnehagar (satsingar, kompetanse, malar, skjema o.l.)
- Implementering av «Sjå barnet innanfrå» og følgja plan for vidareføring av kunnskapen
- Implementering av BTI og stafettlogg
- Sikra alle born eit trygt og godt barnehagemiljø. Kompetanseheving for dei tilsette og praktisering av rutine i «Plan for å sikre trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane» med tilhøyrande skjema
- Sikra barnehagane våre deltaking i Rekom
- Vidareføra interne kurstilbod frå KFL til barnehagetilsette
- Sikra at dei nyutdanna lærarane i barnehagane får rettleiing
- Følgja kompetanseplan, årsplan og andre felles planar som er utarbeida
- Arbeida aktivt for å redusera sjukefråværet og behalda personale i barnehagen gjennom «Bli i jobben» prosjektet
- Sikra at barnehagane deltek i Helselarbeid og vidarefører arbeidet
- Sikra at alle barnehagane har LTV møter og aktive tillitsvalte og verneombod
- Sikra barnehagetilsette gode arbeidsforhold
- Arbeida med rekruttering av fleire tilsette til barnehagane og god opplæring av vikarar
- Gje tilbod om desentralisert barnehagelærarutdanning
- Gje tilbod om skrivekurs før fagprøve i BUA faget
- Laga ein digitaliseringsplan for borna i barnehagen

Kvart av punkta er i seg sjølv omfattande og har mange underpunkt, i tillegg til arbeid med andre ting som er skrive om i rapporten. I tillegg til å utarbeida system, skal det implementerast i alle nivå. Alle born skal oppleva livsglede og få gode barndomsminne frå barnehagekvardagen, samstundes som dei skal oppleva eit trygt og inkluderande utviklingsmiljø. Dei skal oppleva meistring og at dei tilsette ser dei. Born og føresette skal oppleva at barnehagen er like god same kvar den er i kommunen.